



Jnr. 1115.20
THM/aat

Ordførarar og rådmenn i Sunnhordland
Ordførar og rådmann i Haugesund kommune
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland
fredag 4. september 2020 kl. 09.30 på Mandelhuset, Tysnes (Hegglandsvegen 4)

Sakslista:

- | | |
|-----------|---|
| Sak 31/20 | Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 5. juni d.å. |
| Sak 32/20 | Undervegsevaluering - overgang til Rogaland fylke |
| Sak 33/20 | Ny strategisk plan for Samarbeidsrådet for Sunnhordland 2021-2024 |
| Sak 34/20 | Planlegging av tema og møte med fylkes og stortingsrepresentantar frå Sunnhordland 16. oktober |
| Sak 35/20 | Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg |
| Sak 36/20 | Deltaking Folkehelseforum Vestland |
| Sak 37/20 | Støttefråsegn – Stord Trafikkstasjon, reduksjon av tenestetilbodet |
| Sak 38/20 | Støttefråsegn - Karriere Vestland – reduksjon av stillingar |
| Sak 39/20 | Halvårsrekneskap 2020 |
| Sak 40/20 | Budsjett 2021 |
| Sak 41/20 | Skriv og meldingar <ul style="list-style-type: none">- Kartverket- Møteplan- Støttefråsegn til PCR-maskinar ved Haugesund og Førde sjukehus- Revisor for Samarbeidsrådet |
| Sak 42/20 | Ymse |

Tidsplan:

- | | |
|-----------|---|
| Kl. 09.30 | Presentasjon av Attraksjon Sunnhordland v/Sveinung Hansen |
| Kl. 10.20 | Orientering frå Alsaker Fjordbruk v/ Kristian Råsberg |
| Kl. 11.00 | Lunsj og orientering om Mandelhuset og Våge hamn |
| Kl. 12.00 | Saker til handsaming |

Sunnhordland, 28. august 2020

Tora Haslum Myklebust
dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 4. september 2020 kl. 09.30
Mandelhuset, Tysnes

Sak 32/20
THM/aat

Undervegsevaluering – overgang til Rogaland fylke

Kommunestyret i Stord har hatt ei drøfting på kommunen og resten av Sunnhordland sin situasjon etter overgangen til Vestland fylkeskommune. I debatten var det og oppe om kommunen bør melda overgang til Rogaland. Bakgrunnen for debatten var blant anna forventningar som låg til grunn til desentraliserte oppgåver, og fylkesutvalet si handsaming av ferjefri kyststamveg, Hordfast.

I møte i Samarbeidsrådet 5. juni – sak 27/20 vart det gjort følgjande vedtak:

Samrøystes vedtak:

- 1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil gjennomføra ei undervegs evaluering av Sunnhordlandskommunane si rolle i det nye Vestland fylke*
- 2. I fase 1 skal det gjerast ei vurdering om Sunnhordlandskommunane har ein tydeleg nok posisjon i det nye fylke.*

Fylkeskommunen skal koplast inn for å synleggjera sitt syn på saka.

- 3. Ut frå resultat frå fase 1 skal det gjerast ei vurdering om det er grunnlag for å starte arbeidet med fase 2, der kvar kommune kan gjera ei vurdering om det er tenleg å gå vidare med prosess for å vurdera ny fylkestilknytning.*
- 4. Administrasjonen legg fram ei skisse på mandat, prosess og finansiering til møte 4. september.*

Arbeidsutvalet drøfta saka på møte 21. august og understrekte viktigheita av vurdere dagens situasjon, opp mot intensjonsavtalen. Administrasjonen har starta arbeidet med å kartlegge tids- og kostnadsramma.

Framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak vert ettersendt til møtet 4. september

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 4. september 2020 kl. 09.30
Mandelhuset, Tysnes

Sak 33/20
THM/aat

Ny strategisk plan for Samarbeidsrådet for Sunnhordland 2021-2024

Samarbeidsrådet for Sunnhordland utarbeidde den første strategiske planen i 2009. Dette fordi det var eit klart behov for å gjera nokre strategiske val både i høve til satsingsområde og i arbeidsform.

Gjeldande strategisk plan for Samarbeidsrådet for Sunnhordland går ut 2020. Det vart i arbeidsutvalet 21. august drøfta ny plan for perioden 2021-2024. Arbeidsutvalet tilrår at planen vert revidert.

Vurdering:

Planen vil bli presentert i møte den 4. september. Administrasjonen oppmodar Samarbeidsrådet til å lese gjennom planen på førehand.

På møte vært ein eining om vidare prosess og handsaming.

Strategisk plan for Samarbeidsrådet for Sunnhordland 2018-2021 ligg som vedlegg til saka.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 4. september 2020 kl. 09.30
Mandelhuset, Tysnes

Sak 34/20
THM/aat

Planlegging av møte og tema med storting- og fylkestingsrepresentantane 16. oktober

Dette møte skulle i utgangspunktet bli avholdt den 2. oktober, men må på grunn av konstituering og opning av Stortinget 1. og 2. oktober, verta flytta til 16. oktober. Møtestad Sveio. Arbeidsutvalet ynskjer å invitere heile Hordalandsbenken til møte den 16. oktober. Agenda vart drøfta i arbeidsutvalet 21. august og følgande tema vart spelt inn:

- Nasjonal transportplan
- Sunnhordland Tingrett
- Evaluering overgang frå Vestland til Rogaland fylke og vidare arbeid for å få Rogaland innlemma i Vestland fylke.
- Ferjeavløysingsordninga
- Hamn
- Skattelegging kraftanlegg
- Covid-19: ekstraordinære utgifter/tap for kommunane

På møte må dei ulike tema fordelast og det må avklarast kven som legg dei fram 16. oktober.

Framlegg til vedtak:

Administrasjonen inviterer storting- og fylkestingrepresentantar frå Sunnhordland, samt Hordalandsbenken til møte i Samarbeidsrådet 16. oktober.

Forslag til tidsplan:

Kl. 09.00 Samarbeidsrådet

Kl.11.00 Enkel lunsj.

Kl.11.30 Møte med storting- og fylkestingrepresentantar frå Sunnhordland, samt Hordalandsbenken

Kl.15.00 I utgangspunktet møteslutt.

Forslag til agenda frå kl.11.30-15.00:

- Økonomisk analyse av reiselivet i Sunnhordland v/Menon
- UNESCO status til Sunnhordland v/Brynjar Stautland
- Nasjonal transportplan. TBN har ansvar for dette tema.
- Sunnhordland Tingrett. TBN har ansvar for dette tema.
- Evaluering overgang frå Vestland til Rogaland fylke og vidare arbeid for å få Rogaland innlemma i Vestland fylke. TBN har ansvar for dette tema.
- Ferjeavløysingsordninga. TBN har ansvar for dette tema.
- Hamn. TBN har ansvar for dette tema.
- Skattelegging kraftanlegg. TBN har ansvar for dette tema.
- Covid-19: ekstraordinære utgifter/tap for kommunane. TBN har ansvar for dette tema.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 4. september 2020 kl. 09.30
Mandelhuset, Tysnes

Sak 35/20
THM/aat

Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg

Bakgrunnen for ein plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg var eit ynskje om at kommunane i regionen i større grad kunne samarbeida om defineringa av regionale anlegg, planlegging av nye regionale anlegg og om utviklinga av dei anlegg som vert definert som regionale, slik at ein gjennom samarbeid og felles forståing kan utvikla eit godt utbygd tilbod innan idrett, friluftsliv og kultur. Planen har også fokus på ny lov om folkehelsearbeid som tredde i kraft 01.01.2012, og til utfordringane knytt til denne. Kommunane kan gjennom samarbeid regionalt søkje om å sette i verk tiltak og samordna folkehelsearbeidet gjennom langsiktig og systematisk arbeid og planlegging. Føremålet vil vera å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelsa.

Det er eit mål at planen skal utvikla eit samarbeid slik at regionen som heilskap utviklar eit enda betre tilbod til innbyggjarane og tilreisande, skapar ein struktur i satsinga som gjer at utviklinga av regionale anlegg får ein god planmessig utvikling i høve til både breidde i tilboda, behov og grunnlag for etablering. Det er og viktig at planen opnar for samarbeid på tvers av kommunegrensene, slik at det vert høve til å satsa på anlegg som er så krevjande at ein kommune åleine ikkje har høve til å utvikla eit slikt anlegg. Det er viktig at det er ein felles forståing av kva anlegg som er regionalt og kva dette inneber.

Framlegg til vedtak:

Arbeidsutvalet tilrår at plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg ikkje vært revidert, då regionale anlegg ikkje er relevant for framtida, slik det i utgangspunktet var planlagt.

Gjeldande plan ligg som vedlegg til saka

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 4. september 2020 kl. 09.30
Mandelhuset, Tysnes

Sak 36/20
THM/aat

Deltaking Folkehelseforum Vestland

Tidlegare Hordaland fylkeskommune hadde eit samarbeidsorgan for folkehelseprogrammet der Morten Storebø var representant for Samarbeidsorganet Sunnhordland. Folkehelseforum Vestland skal i framtida bli eit strategisk samarbeidsorgan for heile folkehelsearbeidet i fylket med vekt på utviklingsoppgåver, og samstundes ivareta arbeidet med folkehelseprogrammet.

For at folkehelseforumet ikkje skal bli for stort, legg fylket fram ei fordeling der eit regionråd ei periode er medlem og eit anna råd er vara i same periode, og at dette skal skifte.

Folkehelseforum Vestland inviterer Samarbeidsrådet Sunnhordland og Hardangerrådet IKS til å delta enten som medlem eller vara i denne første perioden. Råda vert einig om ein avtale seg i mellom.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidet for Sunnhordland ynskjer å fremme Sveio ordførar Linn Therese Erve som sin representant inn i Folkehelseforum Vestland.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 4. september 2020 kl. 09.30
Mandelhuset, Tysnes

Sak 37/20
THM/aat

Støttefråsegn – Stord Trafikkstasjon, reduksjon av tenestetilbod

Stord kommune har bedt om støttefråsegn i henhold til reduksjon av tenestetilbod ved Stord Trafikkstasjon.

Framlegg til fråsegn:

Gode tenester for trafikantar i heile landet!

Me vil visa til pressemelding frå regjeringa 01.07.20 – «Regjeringa vil sikra gode tenester for trafikantar i heile landet».

Pressemeldinga inneheld fleire gode moment som me stiller oss heilhjarta bak.
Samferdselsministeren seier mellom anna:

- For regjeringa er det avgjerande å sikra gode tenester for trafikantar i heile landet. Særleg for dei tenestene som framleis krev oppmøte, må det vera eit tilgjengeleg tilbod i heile landet.
- Det er viktig for ungdom som skal ta førarkort at dette kan skje utan for lang reiseveg og for mykje fråvær frå skule.
- For å sikra eit godt tilbod, særleg til ungdom i distrikta, vert også tilbodet om førarprøve på motorsykkel vidareført i Tynset, Kongsvinger, Flekkefjord, Odda, Sogndal, Sunndalsøra, Namsos, Sortland og Lakselv.

På denne bakgrunnen er det for oss uforståeleg at tenestetilbodet ved trafikkstasjonen på Stord vert kraftig redusert. Forslaget er å leggja ned skranketenester og førarprøvar for MC, klassane A, A1 og A2. For begge desse tenestene er Haugesund oppgjeve som næraste tenestestad i framtida.

Reiseavstandar

Tabellen under viser reiseavstandar og –tider frå kommunesenter i sunnhordlandskommunane til Haugesund trafikkstasjon:

| Frå | Til | KM | Reisetid bil | Reisetid buss |
|------------|--------------------------|-----------|---------------------|----------------------|
| Stord | Haugesund trafikkstasjon | 62,3 | 59m | 2t 11m |
| Fitjar | Haugesund trafikkstasjon | 79,1 | 1t 17m | 2t 40m |
| Bømlo | Haugesund trafikkstasjon | 69,5 | 1t 3m | 2t 37m |
| Austevoll | Haugesund trafikkstasjon | 106 | 2t 11m | 4t 19m |
| Tysnes | Haugesund trafikkstasjon | 95,4 | 2t 17m | 3t 48m |
| Kvinnherad | Haugesund trafikkstasjon | 113 | 2t 31m | 6t 50m |
| Sveio | Haugesund trafikkstasjon | 21,4 | 26m | 1t 1m |
| Etne | Haugesund trafikkstasjon | 57,6 | 55m | 1t 19 |

Som tabellen syner, må ein i sunnhordlandskommunane sjå på meir enn berre kilometeravstand når ein skal vurdera reisetid. Reisa inneber for oss ofte bruk av ferje som gir vesentleg lenger reisetid enn kilometertalet skulle tilseia.

Ungdom som ikkje har førarkort, må gjerne reisa med buss for å komme fram. Det er skjeldan busstidene stemmer, slik at ein har høve til å rekkja ein førarprøve. Om ein får busstidene til å stemma, viser tabellen at det tar svært lang tid å reisa med buss mellom Sunnhordland og Haugesund.

Brukargruppe

I Sunnhordland er mange av dei som skal ta førarkort for MC, 16-åringar som skal ta førarkort på klasse A1, lett motorsykel. Dette gir samstundes førarrett til moped. Lett motorsykel og moped er for mange 16-åringar i sunnhordlandskommunane det føretrekte framkomstmiddelet, ettersom kollektivtilbodet utanfor arbeids- og skuletid er avgrensa. Å flytta tenesta frå Stord til Haugesund vil gjera det vanskelegare for denne gruppa å ta førarkortet. Det vil bli utfordringar med å ta fri frå skulen og mykje tid vil gå vekk i transport, stikk i strid med regjeringa sin intensjon.

Trafikkskular

På Stord og i sunnhordlandskommunane elles er det fleire trafikkskular som også tilbyr trafikkopplæring for moped, lett- og tung motorsykel. Desse vil få ei vesentleg ulempe i konkurransen mot trafikkskular i Haugesund som følge av denne omlegginga. Me fryktar at det vil medføra tap av arbeidsplassar og eit endå dårlegare tilbod til innbyggjarane i Sunnhordland.

Skranketenester

Me set pris på at Statens vegvesen digitaliserer sine tenester. For mange er det enklare å ta imot og utføra tenestene heime framfor PC-en enn å reisa til næraste trafikkstasjon. Samstundes må SVV ta høgde for at ikkje alle har høve til dette, og leggja til rette også for desse.

Det er også ein del tenester som krev fysisk oppmøte på trafikkstasjon, mellom anna det å ta bilete, identifisera seg, levera helseattest og liknande. Så lenge det ikkje finst gode sjølvbeteningsløysingar for dette, vil ei nedlegging av skranketenester medføra eit dårlegare tilbod i og for Sunnhordland.

Stord kommune ser nedlegginga av skranketenester og oppkøying for førarkortklassane A, A1 og A2 på Stord som ei distriktsfiendtleg avgjerd, som vil medføra dårlegare tilbod, auka tidsbruk og dårlege konkurransevilkår for innbyggjarane og bedriftene våre. Me ber samferdsleministeren vurdera saka på ny og oppretthalda Stord trafikkstasjon med dei tenestene som er der i dag.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 4. september 2020 kl. 09.30
Mandelhuset, Tysnes

Sak 38/20
THM/aat

Støttefråsegn – Karriere Vestland - reduksjon av stillingar

Karriere Vestland har bedt om støttefråsegn frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland, då antal årsverk er redusert frå 2 til 1.


Framlegg til fråsegn:

Region Sunnhordland treng minimum to 100% stillingar som karriererettleiarar.

Om Karrieresenteret

I januar 2015 starta Hordaland fylke opp piloten «Karriere Sunnhordland» med to tilsette i 100 % stillingar som karriererettleiarar (2-årig pilotperiode – deretter i ordinær drift). Desse to stillingane vart lagt til Sunnhordland som eit resultat av at Samarbeidsrådet tok opp at regionen ikkje fekk noko i fordelinga på næringsutvikling i Hordaland i si tid (jmf Gro Jensen Gjerde). Gro Jensen Gjerde og Astrid Østerlid (NAV Sunnhordland) var viktige pådrivarar for at tilbodet vart etablert i Sunnhordland. Oljeprisfallet i 2015 ramma region spesielt hardt i høve til den oljerelaterte industrien (høg andel av arbeidssøkjande/permitterte/bedrifter i omstilling)

Behovet for tenesta er stort. Den gjev tilbod til alle vaksne over 19 år. Dei første åra var ansvarsområde til Karrieresenteret dei 8 kommunane i Sunnhordland regionen, medan dei no etter namneendringa til «Karriere Vestland», skal gje eit tilbod til heile det nye Vestland fylke i samarbeid med dei andre sentra i fylket:



Med denne namneendringa vart det desentraliserte tilbodet med karriererettleiing ein gong i månaden i Etne kommune (kommunehuset) og Kvinnherad kommune (Kvinnherad Næringssservice) fjerna. Ca 20 % av samtalan vart lagt ut som video/telefon samtalar. Frå mars 2020 (Covid 19) vart alle samtalan lagt ut som video/telefon samtalar. Der er berre nyleg at nokre av dei har byrja å leggja ut fysiske samtalar igjen.

Aktivitet

Karrieresenteret har på «toppane» hatt lang ventetid på opptil 5 veker for å koma til samtale hos dei. Etter 5 år i drift har dei enno ikkje opplevd at tenestene dei tilbyr ikkje er etterspurt. Det gjeld ikkje minst etter Covid-19, der mange må tenkja nytt og forholde seg til omstilling og endring i langt større grad. Gjennom dei 5 åra Karrieresenteret har vore i drift, har tilbodet vorte godt kjend i regionen, utan at det er blitt brukt midlar på marknadsføring. Etterspurnaden har vore stabilt høg og dei som oppsøker Karrieresenteret er godt nøgd med tilbodet. Heile 9 av 10 vil anbefala dei til andre. På det travlaste i fjor, hadde dei ei bemanning på 2,5 stillingar, for å få tid til å vera med i forsøksprosjektet «Karriererettleiing for nyankomne flyktningar» i regi av Kompetanse Noreg og Imdi i samarbeid med Heiane mottak.

I tillegg til å tilby individuell- og gruppe karriererettleiing, skal karrieresenteret og dela erfaringar, arbeidsmetodar og verktøy med andre aktørar som driv med karriererettleiing. Dei samarbeider t.d. tett med NAV (kursing/erfaringsdeling/samarbeid), dei har oppretta samarbeid med Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) om å ha kursing/erfaringsdeling/samarbeid i høve til rådgjevarane i vidaregåande skular i Sunnhordland, og ungdomsskulane som skal gje karriererettleiing i faget «Utdanningsval». Desse aktivitetane er ressurskrevjande og kan ikkje utførast av ein karriererettleiar åleine.

Dramatisk reduksjon

10 karriererettleiarar i sum for å dekkja behovet for karriererettleiing i heile Vestland fylke er i utgangspunktet eit knapt tilbod, med tanke på kor mange vaksne over 19 år dei skal følgje opp. At Sunnhordland skal få redusert kapasiteten vår på karriererettleiingstilbodet med heile 50 %, vil vera ein dramatisk reduksjon. Behovet er så stort i Sunnhordland, at det burde vore auka med ein stilling, ikkje redusert, med argumentasjon i konsekvensane av Covid19, den sårbare arbeidsmarknaden i regionen med mykje omstilling og svært skiftande arbeidsmarknad.

Sentrale samarbeidspartnarar

- NAV Sunnhordland – Jamnlege besøk på alle NAV kontora, undervisning/rettleiing og erfaringsdeling med dei som driv med karriererettleiing i NAV
- Introprogram - informert om våre tenester
- Prosjekt - Delt våre erfaringar i nasjonalt forsøksprosjekt: «Karriererettleiing for nyankomne flyktningar» (samarbeid med Stord Mottak og på oppdrag frå Kompetanse Noreg og Imdi)
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland – deltek på kompetanseforum Vestland, region Sunnhordland
- Kommunane i Sunnhordland: Vaksenopplæringane
- HVL – Undervisningsopplegg for lærarstudentane i høve til yrkesval og info om faget Utdanningsval
- FOS – Forum for oppvekst i Sunnhordland – erfaringsdeling med dei som driv med karriererettleiing i Vidaregåande opplæring og har faget Utdanningsval på Ungdomstrinnet
- Atheno – bedriftane i Sunnhordland (bistå ved omstilling, nedbemanning og langtids sjukemeldingar)

Lovfesta rett til karriererettleiing

Det framstår som underleg å fjerna ein stilling frå Karriererettleiingstenesta, når regjeringa ynskjer å lovfesta tilbodet om karriererettleiing til alle vaksne over 19 år i regi av fylkeskommunen (endring i opplæringslova)

https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/voksnes_laering_og_kompetanse/Karriereveiledning/id752422/

I tillegg har regjeringa innført ny integreringslov (gjeldande frå 1.aug 2020) som gjev rett og plikt til karriererettleiing og kompetansekartlegging for alle flyktningar før/i introprogrammet.

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ny-lov-skal-gi-flyktninger-bedre-forutsetninger-for-a-komme-i-jobb/id2664201/>

Karriererettleiing er utpeika som eit av tre satsingsområde i Avdeling for Innovasjon og Næringsutvikling, og det verkar difor direkte ulogisk at det er innanfor dette feltet ein skal kutta i stillingane og kapasiteten, når ein no må spare pengar i fylket.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 4. september 2020 kl. 09.30
Mandelhuset, Tysnes

Sak 39/20
THM/aat

Rekneskap – 1. halvår 2020

Rekneskapen for 1. halvår 2020 er no klart.

Ut i frå budsjettet er det ikkje noko urovekkande med halvårsresultatet.

Administrasjonen vil likevel informere om at det pr. 25. mai d.å. vart sendt søknad til kommunane om auke i fast kommunetilskot for 2020 jmf. vedtak i representantskapet 15. mai d.å. – sak 06/20. Foreløpig er det gjort positive vedtak i kommunane Fitjar, Kvinnherad og Stord.

Rekneskap ligg som vedlegg.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek rekneskapen for 1. halvår 2020 til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 4. september 2020 kl. 09.30
Mandelhuset, Tysnes

Sak 40/20
THM/aat

Budsjett 2021

Det har i ulike møte vore orientert om og drøfta den økonomiske situasjonen for Samarbeidsrådet for Sunnhordland. I møte i arbeidsutvalet 21. august vart den økonomiske situasjonen drøfta på nytt.

Administrasjonen vart beden om å ta ein gjennomgang av økonomien iht budsjettet for 2021, der det vert sett på både reduksjon i kostnader og auke i inntekter, og ba vidare administrasjonen legge fram eit forslag til møte i Samarbeidsrådet 4. september.

Vurdering:

Frå 2020 inneheld budsjettet til Samarbeidsrådet kostnader og inntekter knytt til Samarbeidsrådet – avd. 10 inkl. Visit Sunnhordland – avd. 11 som er reiselivssatsinga til kommunane.

Kostnadane består av:

- løn- og sosiale kostnader og driftskostnader og ulike marknadstiltak knytt Visit Sunnhordland

Inntektene består av:

- kommunetilskot til Samarbeidsrådet – kr. 30 pr. ibuar og til reiselivssatsing – kr. 12,- pr. ibuar
- fast kommunetilskot til Samarbeidsrådet – kr. 5 000,- pr. kommune. For 2020 vart det søkt kommunane om auke på kr. 15 000,- pr. kommune.
- Fylkeskommunalt tilskot – kr. 230 000,- dei siste 3 åra
- Tilskot observatørar – kr. 45 000,-
- Medlemskontingent reiseliv
- Annonsesal reiseliv
- Prosjektinntekter/andre inntekter

Samarbeidsrådet har i fleire år hatt eit nøkternt budsjett. Ein har ein del år hatt gode prosjektinntekter frå store prosjekt som «Forvaltning av kompensasjonsmidlar» og «Byregionprogrammet». Dei siste åra er moglegheiten for prosjektinntekter kraftig redusert.

Administrasjonen har gått gjennom kostnader og inntekter knytt til budsjett for 2021 og har lagt opp til nokolunde lik aktivitet som i dag, men har lagt opp til at me i administrasjonen i Samarbeidsrådet skal ha 0,6 årsverk mindre i 2021 enn det ein har i budsjettet for 2020. Sjølv om det vert reduksjon i årsverk og ein legg opp til reduksjon i budsjettpostar der ein har moglegheit, ser ein at det likevel vert ein del usikkerheit knytt til finansieringsplanen for 2021.

Pr. i dag har ein oversikt over omlag følgjande kostnader og moglege inntekter for Samarbeidsrådet sitt budsjett 2021:

| Art: | Kostnad: | Kjelde: | Finansiering |
|--------------------------------|--------------------|---|--------------------|
| Løn- og sos.kostn. (2 årsverk) | 1 930 000,- | Fylkestilskot *1 | 230 000,- |
| Driftskostnader | 595 000,- | Fast kommunetilskot kr. 5 000,- pr. komm. | 40 000,- |
| | | Observatørrar | 45 000,- |
| | | Komm.tilskot pr. ibuar kr. 30,- | 1 950 000,- |
| | | Andre inntekter *2 | 250 000 |
| Sum | 2 515 000,- | Sum | 2 515 000,- |

*1 – Fylkestilskot – kr. 230 000,-

Usikkert tilskot – Partneravtalen med fylkeskommunen går ut 2020 og ein har enno ikkje utarbeidd/avtalt om ny for 2021 osv.

*2 – Andre inntekter – kr. 250 000,-

Usikre inntekter. Ingen plan pr. i dag for korleis dekke inn beløpet.

Pr. i dag har ein oversikt over om lag følgjande kostnader og moglege inntekter for Visit Sunnhordland sitt budsjett for 2021:

| Art: | Kostnad: | Kjelde: | Finansiering: |
|------------------------------------|--------------------|---|--------------------|
| Løn- og sos.kostn. (1,6 årsverk) | 1 170 000,- | Kommunetilskot pr. ibuar kr. 12,- | 780 000,- |
| Driftskostnader inkl. marknadsakt. | 880 000,- | Næringsinntekter - medlemskontingent *3 | 450 000,- |
| | | Næringsinntekter - annonsesal *4 | 220 000,- |
| | | Prosjektinntekter/andre inntekter *5 | 600 000,- |
| Sum | 2 050 000,- | Sum | 2 050 000,- |

*3 – Næringsinntekter – medl.kont. – kr. 450 000,-

Usikre inntekter. Ein må arbeida kontinuerleg for å nå dette målet og helst auke desse inntektene. Pr. i dag er desse inntektene sikre.

*4 - Medlemskont./annonsesal – kr. 220 000,-

Usikre inntekter. Ein må arbeida kontinuerleg for å nå dette målet for 2021. Pr. i dag har me ca. 150 000,- i inntekter knytt til annonsesal. Ein tek sikte på å klare dette målet.

*5 – Prosjektinntekter/andre inntekter – kr. 600 000,-

Pr. i dag ser ein føre seg å klare å sikre desse inntektene.

Det har i 2020 vore eit ekstraordinært år, noko som påverkar både kostnader og inntekter i Samarbeidsrådet og som skapar ein del usikkerheit i budsjettsamheng.

Med bakgrunn i ovannemnde informasjon ser ein føre seg at for 2021 har Samarbeidsrådet udekkede inntekter på kr. 250 000,- i tillegg er fylkestilskotet på kr. 230 000,- usikkert.

Det faste kommunetilskotet på kr. 5 000,- pr. kommune har ikkje vore auka sidan 1981. Kommunetilskot pr ibuar hadde forrige auke i 2017 frå kr. 28,- til 30,-.

Administrasjonen legg fram 2 ulike forslag.

Forslag 1 utgjer totalt auka tilskot på ca. kr. 315 000,- der ein får dekka usikre inntekter på kr. 250 000,-.

Forslag 2 gjev ca. kr. 510 000,- i auka inntekter og dekkar i tillegg inn eit evt. tap av partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune.

Framlegg til vedtak:

Forslag 1:

1. Kommunane aukar kommunetilskotet frå kr. 5 000,- til kr. 20 000,- i fast kommunetilskot frå og med 2021.
2. Kommunane aukar kommunetilskotet pr. ibuar med kr. 3,- til kr. 33,- pr. ibuar frå 2021.
3. Fast kommunetilskot pr. kommune og kommunetilskot pr. ibuar vert indeksregulert frå 2022 og framover.

Forslag 2:

1. Kommunane aukar kommunetilskotet frå kr. 5 000,- til kr. 20 000,- i fast kommunetilskot frå og med 2021.
2. Kommunane aukar kommunetilskotet pr. ibuar med kr. 6,- til kr. 36,- pr. ibuar frå 2021.
3. Fast kommunetilskot pr. kommune og kommunetilskot pr. ibuar vert indeksregulert frå 2022 og framover.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 4. september 2020 kl. 09.30
Mandelhuset, Tysnes

Sak 41/20
THM/aat

Skriv og meldingar

a) Fylkesgeodatautvalet under Kartverket Vestland

Det vart i møtet 5. juni gjort følgjande vedtak i Samarbeidsrådet:

VEDTAK:

1. *Samarbeidsrådet for Sunnhordland vel Bjarne Hetlesæter, Sveio kommune som fast representant til Fylkesgeodatautvalet og Yngve Sagvaag Lunde, Stord kommune som varapresentant.*
2. *Kostnadane må dekkast av Kartverket Vestland eller Fylkesmannen i Vestland.*

Vedtaket vart formidla vidare til Kartverket Vestland som svara det ikkje var mogleg å dekke reisekostnadar for representantane. Dette er lik praksis i heile landet, kommunane dekkar reisekostnader sjølv. Vara blir også kalla inn men treng ikkje møte.

b) Møteplan hausten 2020 – Endring av møtestad

Grunna koronasituasjonen vart dei planlagde møta for Samarbeidsrådet (13. mars og 24. april) gjennomførte via Teams. Desse møte skulle vore i hhv. Tysnes og Sveio. I tillegg vart møtet i Fitjar 5. juni flytta til Stord.

For å komme inn i rett rekkefølge så startar ein med møte i Tysnes hausten 2020 og føl deretter opp med Sveio og Fitjar.

I arbeidsutvalet 21. august vart møte med Fylkes- og Stortingsrepresentantar flytta frå 2. oktober til 16. oktober grunna konstituering og opning av Storting 1. og 2. oktober. I tillegg vert heile Hordalandsbenken foreslått invitert til møtet som då vert i Sveio.

Nedanfor følgjer revidert møteplan:

HAUST 2020

| Møter | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|--|-----|------|-----|-----|-------|
| Arbeidsutvalsmøte | 21. | | | | |
| Samarbeidsrådet for Sunnhordland | | 4. | | | |
| Arbeidsutvalsmøte | | | 2. | | |
| Fylkestingsrepr/stortingsrepr frå Shl. | | | 16. | | |
| Samarbeidsrådet for Sunnhordland | | | 16. | | |
| Arbeidsutvalsmøte | | | | 20. | |
| Samarbeidsrådet for Sunnhordland | | | | | 3.-4. |

4. september – Tysnes
16. oktober – Sveio
3.-4. desember - Fitjar

c) Støttefråsegn til PCR-maskinar ved Haugesund og Førde sjukehus

Haugaland Vekst retta forespørsel om støtte til PCR-maskinar ved sjukehusa i Haugesund og Førde.

Etter drøfting i arbeidsutvalet 21. august vart det sendt følgjande uttale til Helse Vest:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at Haugesund og Førde får PCR-maskiner til analyse av SARS-CoV-2.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland representerer 8 kommunar i Sunnhordland med 65.000 innbyggjarar. Vi ber om at Helse Fonna og Førde får PCR-maskiner til analyse av SARS-CoV-2.

Etter at Noreg langsamt byrja å opne landet igjen etter stenging 12. mars i år, ser vi gjentekne mindre smitteutbrot i regionen vår. Dette er likt med kva vi ser mange plassar elles i landet.

Ved smitteutbrota har kommunane opparbeidd seg gode rutinar på smittesporing, no også digitalt. Det er laga beredskapsplanar som gjer kommunane i stand til å ta testar kvar veke av opptil 5 prosent av befolkninga. Dette er heilt i tråd med krava til nasjonale styresmakter.

Avgrensinga er analyseresultata, og vi er bekymra for kapasiteten i regionen. Etter at Helse Vest bestemte at berre Bergen og Stavanger skal analysere, har vi registrert at svara på testane kan ta opp til fem døgn. Normal ventetid er to døgn, om Bergen og Stavanger sjølv har få testar. Å vente fem døgn, og derav halde opp personar i karantene i påvente av prøveresultat, kan redusere lojaliteten til å følgje karantenereglane.

Om det er positive prøvar etter desse dagane, vanskeleggjer det smittesporinga av dei nye positive svara, då desse igjen kan ha mange i omgangskrinsen som må testast og haldast i karantene. I verste fall får vi same situasjon som Indre Østfold. Kommunane må stenge heilt ned.

Tidlegare i sommar etterlyste ordførar Arne-Christian Mohn i Haugesund analysekapasitet på sjukehuset i Haugesund. Helse Vest svara via NRK at det ikkje var økonomisk forsvarleg. Etter at staten har brukt fleire hundre milliardar for å kompensere for konsekvensane av koronapandemien, verkar det argumentet hult.

Å stenge ned ein kommune vil vere langt meir kostbart enn å investere i analysemaskiner, som i tillegg kan brukast til andre prøvar det er behov for på sjukehusa.

Kravet frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttast av regionrådet på Haugalandet og viktige verksemder i regionen.

Vi ber om at Helse Vest revurderer vedtaket sitt og investerer i PCR-maskiner i Haugesund og Førde.

d) Revisor for Samarbeidsrådet

Jmf. vedtak i representantskapet pr. 15. mai – sak 08/20 vil det verta sendt ut anbod på revisjon av Samarbeidsrådet i haust.

Det vil verta sendt forespørsel til minimum 3 selskap.